

Sluttrapport for forprosjektet: «Grønnsaksproduksjon og anna dyrking i Fjellandbruket» ref nr: 2019/51182

Prosjektperiode: 19.11. 2019-31.12. 2020

Prosjekteigar: Hemsedal og Gol Bonde og Småbrukarlag

Prosjektansvarleg: Kjell Borge

Prosjektleder: Marit Torsrud Nerol

Formålet med prosjektet og resultatmål

Finne ut om det er eit reelt ønske og behov for auka produksjon av grønnsaker, poteter, bær og urter.

Etter gjennomført forprosjektperiode vil me vite om det er ønske og vilje hjå interesserte produsentar, reiselivsnæringa, butikkar, innbyggjarar og hytteeigarar både til å produsere og å kjøpe lokale grønnsaker, poteter, bær og urter.

Målgruppa for prosjektet

- Interesserte produsentar er grunnlaget for å tilby lokale grønnsaker, poteter, bær og urter.
- Reiselivsbedrifter og butikkar som vil satse på å bruke og å selja lokale grønnsaker poteter, bær og urter er del av grunnlaget for å få omsetning for interesserte produsentar.
- Innbyggjarar og hytteeigarar som vil kjøpe lokale grønnsaker poteter, bær og urter er grunnlaget for å få omsetning for interesserte produsentar.

Planlagte tiltak

Metoden som skal brukast i forprosjektet er den same som blir brukt i Innovasjonsløft Hallingdal og det er å finne behovet til dei tre målgruppene.

-Lage spørsmål for intervjuguide

Det er laga spørjeskjema til dei tre målgruppene.

-Gjennomføre 20 intervju med representantar frå målgruppene

Det er gjennomført 17 intervju med representantar for dei tre målgruppene i februar og mars 2020.

Det er gjennomført 9 intervju til interesserte produsentar for å kartlegge interessa deira for å starte opp med grønnsak, potet og bærdyrking i Hallingdal. Funna frå desse intervju er at det er viktig å ha avtale med kjøparar om levering, meir kunnskap om dyrkinga, nettverk, reidskap og maskiner og kunnskap om regelverket for at dei skal starte opp. Dei fleste vil dyrke sjølv og levere grønnsaker i sesong. Nokre vil vidareforedle grønnsakene og nokre vil levere overskotet til vidareforedling. Nokre er og interesserte i å samarbeide om distribusjon og marknadsføring.

Det er gjennomført 4 intervju med spisestader og reiselivsbedrifter. Funna frå desse intervju er at spisestadene tykkjer at pris og kvalitet er viktig ved tilgang på lokale

grønnsaker. Det blir og lagt vekt på at produkta er lokalprodusert, volum og faste leveranser. Samla er bedriftene interessert i alle grønnsakene som var lista opp i spørjeskjemaet: rotgrønnsaker, potet, bladgrønnsaker, mikrogrønt, bær, ville vekster bortsett frå foredla råvarer som fermenterte grønnsaker, chutney, syltetøy, saft med meir. Dette kan dei gjera sjølv. Alle spisestadene vil besøke gardane og kome ut på jordet for å sjå på grønnsaker, poteter, bær og urter. Dei ynskjer også å få besøk av bonde og vidareforedlar.

Det vart gjennomført 4 intervju til innbyggjarar og hytteigarar. Funna frå desse intervju er at pris er viktig når ein handlar grønnsakar til kvardags. Til høgtider og fest betyr ikkje pris så mykje. Både i kvardagen og til høgtider betyr det noko at kvaliteten er god og at produkta er lokal produserte og økologiske. Dei som vart intervju synast det er viktig å bidra til lokal verdiskaping og å velje kortreist/ureist mat av omsyn til miljøet. Alle vil kjøpe grønnsakene som er lista opp i spørjeskjemaet: rotgrønnsaker, potet, bladgrønnsaker, mikrogrønt, bær, bortsett frå ville vekstar og foredla råvarer. Dei ynskjer å kjøpe grønnsakene direkte frå bonden og på marknader der det er ein plan med faste dagar. Abbonementordning med fast levering på døra er også aktuelt. Alle ynskjer å besøke bøndene og å kome ut på jordet.

-Gjennomføre 2 arbeidsmøter og 1 inspirasjonssamling

Det er gjennomført 1 arbeidsmøte 7. januar for interesserte produsentar. Det var 10 deltakarar på dette møtet. Informasjonen som vart delt på dette møtet var viktig for utarbeidinga av spørjeskjema til dei tre målgruppene. I tillegg hadde prosjektleiar god hjelp av Gunn Mari Strømeng frå Fylkesmannen i Oslo og Viken til utarbeidinga av spørjeskjemaet.

På grunn av Covid 19 vart det istaden for inspirasjonssamling gjennomført fagdag med besøk i Markedshagen på Dokka 6. september. Det var 5 deltakarar med på denne samlinga.

Koronasituasjonen med nedstenging frå 13. mars 2020 og jobbing på heimekontor førte til at underteikna samarbeida med Håvard Holeplass jordbrukssjef i Hol kommune og Viel Ribberud jordbrukssjef i Hemsedal kommune om søke midlar til eit treårig hovudprosjektet der målet er å få i gang produksjon og sal av grønnsaker, poteter, urter, bær og bruk av ville vekster i Hallingdal og Numedal. Prosjektet fekk innvilga kr 290 000 i tilskot frå fjellandbruket frå Fylkesmannen i Oslo og Viken og næringsutviklingsmidlar frå Viken Fylkeskommune på kr 720 000.

Grunnlaget for å søke dette hovudprosjektet var resultatane frå intervju der både reiselivsbedrifter, fastbuande og hyttefolk ynskjer å kjøpe lokale grønnsaker. Desse intervju synt at det er behov, og når det er produsentar som er interessert i å produsere då var det grunnlag for å søke hovudprosjekt. Forprosjektet vart forlenga ut 2020. Dette på grunn av koronasituasjonen.

Grunnen til dette var og finne ut korleis ein skulle jobbe og kven ein skulle samarbeide med. Dette førte til at det vart auka kostnader til prosjektleiing og mindre eigeninnsats i dette prosjektet.

Det vart gjennomført markdag med Hans Gaffke på Nerol økologiske andel og markedshage 8. juli 2020.

Det vart og oppretta ei facebookside som heiter «Grønnsaksproduksjon i Fjellandbruket».

På slutten av forprosjektet informerte Anita Panman om mogelegheten om å delta på inkubatorprogrammet for bærekraftig matproduksjon. Dette digitale kursopplegget utvikla av Stadsbruk i Malmø i Sverige passa godt med måla for hovudprosjektet. Me såg på mogelegheten for at dette kursopplegget kunne nå eit større geografisk område og hadde derfor kontakt med Fylkesmannen i Vestfold/Telemark v/Ellen Dagsrud og Fylkesmannen i Innlandet v/Jorun Stubsjøen. Ut frå tilbakemeldingane, bestemte me oss for å lage ei eige gruppe for Fjellandbruket med dette kursopplegget.

Me har elles hatt desse samarbeidpartnarane i prosjektet: Norsk landbruksrådgjeving Østafjells v/ Hans Gaffke, Fylkesmannen i Oslo og Viken v/ Anita Panman ,Gunn Mari Strømeng og Ellen Marie Forsberg. Nabolagshager i Oslo v/ Stephanie Degenhard og Adam Curtis har me og hatt samarbeid med på slutten av prosjektet då dei hadde ansvar for å gjennomføre inkubatorprogram for Oslo-området.

Takk for godt samarbeid!

Ål kommune, 30. 12. 2021

Kjell Borge

Prosjektansvarleg

Marit Torsrud Nerol

Prosjektleder